



Volda kommune



Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007

Førehandsrøysting i Volda kommune

Kommunestyre- og fylkestingsvalet måndag 10.september 2007

Dersom du ikkje har høve til å møte fram i vallokalet på valdagen, kan du røyste på førehand. Du kan røyste på førehand i den kommunen du sjølv ønskjer. Ver merksam på at dersom du røyster i ein annan kommune enn der du er manntalsført, må du gjere dette i god tid, då røystesetelen skal nå fram gjennom posten til heimstadkommunen **innan** valdagen.

Ta med legitimasjon!

Det er mottak av førehandsrøyster på Rådhuset t.o.m fredag 7. september,
måndag – fredag kl 09.00-15.00

Kommunen skal og ta imot førehandsrøyster på helseinstitusjonane, Volda vg.skule og Høgskulen. Tidspunkt vert kunngjort seinare.

Dersom du ikkje kan kome til vallokalet på valdagen fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i Volda kommune om å få røyste der du held til. Det kjem då nokon frå kommunen og tek imot førehandsrøysta di. Søknadsfristen er tysdag 4.september.

**Volda valstyre
Ragnhild Aarflot Kalland
leiar**